

SLUTTRAPPORT ATLANTERHAVSSPELET 2025



Frå premiere på Ergan; Svein Los (Lars Melsæter Rydjord profesjonell skodespelar frå Molde), på veg heim med varer etter losing.



Bilte 1. «Prestefamilien: Presten (Per Egil Aske, profesjonell skodespelar frå Misund), Sigurd (Lars Nerbøvik frå Aukra), Prestefrue (Liv Eli Hammerø Orten frå Molde), Eira (Kristanse Solheim frå Hustadvika).

Bilte 2. Vaksne og unge amatørar frå Vestnes, Aukra, Molde, Bud og Kristiansund.

«En fantastisk forestilling i spektakulære omgivelser» – Tidens krav.

«Et spel for livetog framtida. - Må bare oppleves» - Romsdals budstikke

Arrangør: Teaterdrift Møre AS v/Endre Irvin Skar

Stad: Ergan kystfort, Bud, Hustadvika

Gjennomføring: 3.- 6.juli 2025

Framsyningar: 5

Støttespelarar: Hustadvika kommune,
Møre og Romsdal fylkeskommune,
Kulturdirektoratet, TINDE
SPAREBANK, NEAS, Bud og Hustad
forsikring, GS Bildeler, Salmon
Evolution, Bunnpris Bud, Bunnpris
Møre, Bryggjen i Bud, MIX Bud, Møre
Codfish, Romsdalsmuseet,
Blåhammar Camping, Bud
Handelsforening, Hairy Mary, Piano
Bar Ålesund.

Produksjon og deltagarar – Beskrivelse av prosjektet

Atlanterhavsspelet er eit prosjekt organisert gjennom Teaterdrift Møre AS og selskapet er eigd av Endre Skar. Prosjektet er initiert gjennom eit samarbeid mellom Endre Skar og sønene Jørn Lid Skar (manus) , og Eldar Skar (musikk). Atlanterhavsspelet blei satt i gang for å lage ein kulturattraksjon bygd på vår kysthistorie ute ved den nasjonal turistvegen.

Etter samarbeid med lokale aktørar har dette gitt eit regionalt engasjement. Det har ført til auka aktivitet og bruk av museet som gjer historia vår nær og forståeleg for turistar og publikum. Atlanterhavsspelet gir aktørar, involverte og publikum ei identitetsoppleving for både unge og eldre.

Saman med dei lokale aktørane har vi produsert eit felles produkt. Noko som gir grobunn til vidareutvikling og etablering av kultur og tradisjon. Dette gir prosjektet ein ekstra styrke og dimensjon inn i eit elles velfungerande kulturliv.

Produsent – Endre Skar (Eigar og styreleiar Teaterdrift Møre)

Produksjonsleiar – Annbjørg Skar (styremedlem)

Manus – Jørn Lid Skar

Musikk – Eldar Skar

Finansiering – Endre Skar

Vi har frå første stund hatt eit godt og viktig samarbeid med Elitesponsor Romsdalsbanken (no Tinde Sparebank).

Den kommunale stønaden var svært viktig både for pengane sin del og som utløyssande faktor ovanfor andre. Både fylket og kulturdirektoratet kom med løyvingar til Atlanterhavsspelet 2025. Dette saman med mange mindre sponsorar gjorde at vi kunne sy saman eit budsjett vi kunne stå inne for.

Marknadsføring – Jørn Skar

Her var fokus digital marknadsføring og annonsering gjennom sosiale media til demografisk målgruppe. Hadde eit mål om å selje 1600 billetter, og resultatet blei ca. 1250 billetter. Elles blei flygeblad og plakatar distribuert rundt om i nærområdet og i regionen.

PR – Lars Steinar Ansnes og Endre Skar

Hustadvikingen skreiv om spelet i god tid før premiere. Romsdals Budstikke og Tidens Krav hadde og førehandsomtalar.

Organisering – Eigar av AS Endre Skar Styremedlemmer i

Teaterdrift Møre:

Endre Skar - Styreleiar

Annbjørg Skar - styrerepresentant

Produksjonsteam :

Endre Skar – produsent

Annbjørg Skar – Prosjektleiar

Elin Nyheim – Produskjonsleiar og inspisient

Involverte –

Aktørar frå 3 – 65 år frå Aukra, Vestnes, Hustadvika, Molde, Kristiansund, Sunndalsøra og Trondheim. Totalt 37 stk.

Frivillig lag til rigging av scene og amfi, bidrag til rekvisittar og utstyr, til å ha omsyn med scenografi og utstyr under uver, og bidrag med bakst og annan service i perioden. Bud Idrettslag, Bud Sogelaget og andre involverte.

Totalt: ca. 60 stk.

Andre bidragsytarar er lokale aktørar som sponsar mat og teneste innan frakt og trykking, skriving av program og kontakt inn mot lokal presse.

Totalt ca. 20 stk.

I tillegg kjem dugnadshjelp frå: Trondheim, Molde, Vestnes og Hustadvika.

Totalt: 9 stk.

Dei frivillige er folk som ynskjer å bli med i dette fellesprosjektet, som ser potensialet, gleda og nytten av det. Dei fleste av dei som har vore med tidlegare, er med vidare, men kvart år er det nye som blir involvert.

Totalt : ca.130 stk.

Organiseringsinnhold – Forarbeid og planlegging gjekk føre seg på teams eller på fysiske møter innan i styre eller produskonsteamet med start hausten 2024. Arbeidet med å engasjere profesjonelle aktørar var bygd på dei som var med sist. Arbeidet med å få med fleire involverte og som aktørar, var eit puslespel som blei lagt frå aug. 23 - mai 25.

Riggeperiode: 18.juni – 23.juni

Prøve og spelperiode – 23.juni-6.juli

Resultat –

Vi kom i mål, kvalitet og utvikling er vi særst godt nøgd med. Økonomisk og publikumsmessig var det eit betre resultat enn åra før. Vi såg no ein trend der etterspørsel og renommé, har etablert seg meir.

Vi hadde lik prøve og spelperiode som året før, då vi stort sett hadde same rolleinnhavarane. Eldar Skar hadde også i år regi og bygde mykje på fjorårets regi. Vi hadde meir involvering av koret som vi etablerte året før, noko som bidrog sterkt inn i den dramatiske dimensjonen i spelet.

Del 2 Prosjektets mål –

Hovudmålet er å samlast, lage teater og formidle kulturarv i eit landskap der fortellinga høyrer heime. Der publikum får oppleve ei dramatisk og humørfylt førestilling. Eit stykke laga med sterk kjærleik til generasjonane før oss som kjempa for overleving.

Tanken er at dette prosjektet skal vere ei gåve for folk som bur og lever på kysten, og ei oppleving for publikum som er tilreisande. Her får publikum oppleve god formidling av vår kulturarv i ein vakker og spektakulær natur med spanande skildringar om livet slik det kunne vere. Vi ser det som vår plikt å formidle historia vår. Vi meiner dette gir folk eit meir solid fotfeste i sin eigen kultur, og eit blikk inn i vår nære fortid.

Målet om lokal forankring i Bud og ei vidareutvikling der lokalbefolkning ikkje berre er involvert som statistar eller bidreg i dugnad, er no etablert etter fem rundar.


Vi ser eit større engasjement frå fleire i fleire aldra og i fleire samanhengar enn før. No har Atlanterhavsspelet blitt ei viktig hending kvart år, noko som genererer fleire besøkande og fleire kundar til bedriftene i Hustadvika. Vi har og eit samarbeid med Bud Handelsforening om fleire arrangement i løpet av Kystdagane i Bud. Vi gjev styrke til kvarandre.

Del 3 Oppfølging –


Etter evaluering og gjennomgang av resultat, ser vi klart eit svar som seier at dette må vi ikkje slutte med no. Vi vonar å få finansiert nye rundar med Atlanterhavsspel for 2026 og vidare. Arbeidet med å involvere sponsorar er i gang frå hausten 2025 samt avklaring med Romsdalsmuseet og andre viktige samarbeidspartar.

I 2025 hadde vi samarbeid med lokalbefolkninga rundt Kystdagane, med konsertar og aktivitetar over fleire stader enn spellassen. Vi samarbeider blant anna med Bud Handelsforening, i tillegg til lokale aktørar. For neste år leggast det opp til eit større samarbeid og ei utvikling som ikkje berre handlar om spel men som skal gi rom til *Atlanterhavsfestival 2026*.

Ålesund / Frei 27.09 .2025



Annbjørg Skar (prosjektleder)



Endre Skar (produsent)